

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 03.09.2020

SAKLISTE

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av møtebok
- Delegasjonssaker
- Skriv og meldingar
- Avtale om Invest in Bergen og Etablerersenteret 2021 - 2024
- Interkommunal plan for sjøareal Region Nordhordland
- Kommunalt næringsfond 2020. Rammer for eingangsløyving som fylgje av Koronakrisa
- Kvalitetsmelding for oppvekstsektoren 2020
- Overføring / sal av Eidsbotn barnehage gbnr. 61/5 Eide
- Overtaking og / eller riving av kommunale kaier i Gulen kommune
- Tilskot til bygging av bustadar - retningsliner for ny satsing frå kommunestyret
- Val av forliksrådsmedlemmar og skjønnsmedlemmar for perioden 2021 - 2025
- Val av møtefullmektigar til forliksrådet 2020-2023
- Val av representant til å møte i generalforsamling i Sogn og Fjordane Holding AS 2020 - 2023
- Løyve til skjenking av alkohol i perioden 2020-2024
- Løyve til sal av øl/rusbrus for perioden 2020-2024

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Frå ordføraren

Kjære alle.

Vel overstått sommar til alle, der dei fleste av oss nok har feriert i nærrområde, i alle fall i eige land. Mange av oss har oppdaga kor mange flotte reisemål vi



har like utanfor stovedøra, og at det er mykje ein kan oppleve utan å reise langt. Men no startar skulane opp att, og vi kjem sakte, men sikkert inn at i den vanlege tralten.

Då vert vi også påminna om at vi framleis må ta hensyn til smittefaren med koronaviruset. Vi ser at den oppmjukinga av restriksjonane, og utvida reiseaktivitet, også til utlandet, har ført til at smittetala går opp att i enkelte deler av landet.

Her hjå oss er det heldigvis ikkje påvist smitte enno, og eg vil sterkt oppmode dykk alle til å følge dei råda som vert gitt, og at vi held oss til avstandsregelen og dei andre retningslinjene. Me må alle fortsette dugnaden slik at vi ikkje må stenge heilt ned att.

No har kommunen skrivne under kontrakt med Telenor for fiber til resten av kommunen. Eg er svært glad for at vi har fått dette til, og med svært få unntak så skal no alle fastbuande i kommunen vere på nett innan utgangen av 2021.

Dette er eit stort løft for kommunen, men vi har fått mykje tilskot til utbygginga, og så vil eg berømme Telenor for eit godt tilbud. Vi får mykje til når alle dreg i same retning. Fiber er veldig viktig for busetnad og næringsverksemd, så no skal vi vere godt rusta framover.

Elles var det rart i år at ikkje Utkantfestivalen vart arrangert. Det var nok heilt rett å avlyse, men mange sitt høgdepunkt for sommaren vart borte. Vi er stolte av den flotte festivalen, og det liv og røre den lagar, ei stoltheit for heile kommunen. Me får inderleg håpe at vi kan få oppleve den til neste sommar.

Eg vil få ynskje dykk alle ein fin haust framover, og ta godt vare på dykk sjøve og kvarandre.

Helsing
Hallvard Oppedal

Informasjon frå legekantoret

Vi opnar utekantora for lege og helsestasjon frå og med veke 35. Det vil bli redusert kapasitet samanlikna med tidlegare og det kan bli veker vi ikkje kan ha dei opne.

Grunnen er at vi no kun har to legar som kan reise ut, og at vi må ta smittevernsomsyn. Ver obs på at generelle smittevernsreglar gjeld når du besøker lege og helsestasjon. Har du symptom som kan relaterast til Korona, skal du ikkje møte på kantora. Ta kontakt på telefon for å avtale testing. For meir informasjon sjå www.gulen.kommune.no

Det blir ikkje høve til å teste for korona på utekantora. Dei som skal testast må møte i Eivindvik alle dagar.

Tal telefonsamtalar på mandagar er aukande, og vi har ikkje alltid kapasitet til å svare tidsnok på desse. Om du kan ringe ein annan dag i veka, set vi pris på det.

Vi vil takke lege Farmeen Khan for framifrå innsats hjå oss siste året. Ho skal vidare i turnusteneste på sjukehuset i Førde. Vi er glade for å ta i mot Saegheh Rezawi, som byrjar hjå oss 1. september, ho overtar Farmeen sine fastlegepasientar.

Informasjon om besøksrestriksjoner på Gulen sjukeheim og bu- og omsorgsentera

Sjukeheimen og bu- og omsorgsentera i kommunen gjer kontinuerlege vurderingar for å drive så trygt som mogleg i pandemiperioden. Smittevernlegen gjer ei smittevernregelg vurdering når ho kvalitetssikrar. Dette betyr mellom anna at det framleis må være besøksregulering. I skrivande stund er det desse kriteriene som må vere tilstades:

Gulen sjukeheim:

- Pas/bebuar er frisk; ingen symptom på covid 19 (feber, hoste, sår hals, tung pust, rennande nase)
- Besøkande er friske; ingen symptom på covid 19 (feber, hoste, sår hals, tung pust, rennande nase)
- Besøkande har ikkje vore på utanlandsreise dei siste 10 dagar eller kan

vise til ein neg. covid-19 test etter gjennomført reise.

- Vurdere at besøket er tilrådelig (både ifh til smitterisiko hjå pas. og besøkande, samt tilgjengelige ressurser) Må svare på nokre spørsmål i forkant av besøket.
- Besøket må avtalast til eitt gitt tidspunkt på førehand. «Bestille» tid; innan tilpassa tider for dei ulike avd.
- Utg.pkt. inntil 2 besøkande pr bruker pr gang; små barn som ikkje forstår korleis ein skal forhalde seg til hygieneeringslinjer kan dessverre ikkje kome på besøk enda. Vi er meir lempeleg når besøket kan foregå ute.
- Besøkslengde: Inntil 45 min. (reinhold mellom kvart besøk); Viktig at tidsbruken og at ein møter presis vert respektert med tanke på at det er fleire som evt skal få besøk.
- Alle besøkande må reg. seg i protokoll med namn og telefonnr; i tilfelle smittesporing i etterkant. Personalet reg. dette for å forhindre evt. smitte.

Bu- og omsorgsentera:

- Bebuar er frisk; ingen symptom på covid 19 (feber, hoste, sår hals, tung pust, rennande nase)
 - Besøkande er friske; ingen symptom på covid 19 (feber, hoste, sår hals, tung pust, rennande nase)
 - Besøk hjå den enkelte må avklarast med vedkommande sjølv og foregå ute eller i leilighet. Gå direkte til aktuell leilighet, og bruk gjerne nærmaste ytterdør for minst mulig ferdsel i felles areal (korridor).
 - Generell smittevernrutiner er gjeldande: Ikkje fleire besøkande enn at avstandskriterier (min 1 m. avstand) kan oppretthaldast
- God handhygiene både ved ankomst og når ein forlet leiligheten

Oppmoder alle som har vore på utanlandsreise om ikkje å besøke omsorgsentera våre før det er gått 10 dagar eller det føreligg ein negativ covid -19 test.

Vi oppmoder om at namn og tlf.nr på besøkande vert reg., sjå eiga liste i aktuell bustad, slik at vi kan ta kontakt med dei aktuelle dersom det i etterkant vert nødvendig med smittesporing.

Fellesarealet på senteret er pr i dag kun tilgjengelig for eigne bebuarar i org. arr./aktivitet.

Dersom de er usikker på kva rutine som gjeld, er det fint om de tek kontakt med Gulen sjukeheime tlf. 57781600 eller omsorgssentera våre;
Eivindvik tlf. 57781620
Brekke tlf. 57781630
Byrknes tlf. 57781640
Dalsøyra tlf. 57781650

Retningslinjene vil bli tilpassa fortløpande smittesituasjon og evt anbefalingar.

Målsetjinga med besøksrestriksjonane er å tilrettelegge for trygg kontakt mellom bebuarar og pårørande på Gulen sjukeheim og omsorgssentera utan å utsette bebuarane for smittefare (Covid 19). Følgje anbefalingar frå Helsedirektoratet og FHI.

Takk

Bebuarar og personalet på Eivindvik bu- og omsorgssenter vil med dette takke Rannveig Nese for all den gode grillmaten ho har sponsa senteret med, i anledning Josokfeiringa. Tusen takk.
Med venleg helsing Sone Eivindvik v/einingsleiar Nina Haveland.



Personalet ved dementavdelinga ynskjer å takke for minnegåva i samband med Villy Sørhaug si gravferd.
Med venleg helsing Brita Eidnes, avdelingssjukepleiar dementavdelinga Gulen sjukeheim.

Ny fagdirektør oppvekst

Gulen kommune har tilsett ny fagdirektør oppvekst. Han heiter Halvor Elde. Han har tidlegare jobba som lærar for døve og høyrselshemma, samt rådgjevar i Statped og PPT. Familien flytta til Gulen for tre år sidan. Me ser fram til eit godt samarbeid med Halvor.

Halvor tek over jobben etter Jan Ove Einebærholm som no pensjonerer seg. Me vil takke Jan Ove for innsatsen og ynskjer han lukke til som pensjonist.

Planstrategi for Gulen kommune

Minst ein gong i valperioden, og seinast innan eit år etter konstituering, skal kommunestyret utarbeide og vedta kommunal planstrategi. Ny planstrategi har vore kunngjort og innbyggjarane er oppmoda om å kome med innspel fram til 23. august 2020.

Målsettinga er å få ei felles satsing kring dei planoppgåver som det skal arbeidast med i perioden. Ein god planstrategi skal trygge den politiske styringa av oppgåver som skal prioriterast.

Det er fleire områder som skal bli prioritert i dei kommande åra. Det gjeld særleg kommunen sin overordna planar; samfunnsplan og arealplan. Medan arealplanen er i siste fase for fornying, er det no tid for at samfunnplanen blir fornya. Denne skal trekke opp overordna mål og strategiar for samfunnet og organisasjonen. Ein må ta omsyn til dei eksisterande føresetnader og vere i tråd med nasjonale føringar.

I tillegg til tett samhandling mellom politikarar og administrasjon i dette arbeidet, vil det bli lagt opp til ein brei medverknad. Innbyggjarar, næringsliv, interesseorganisasjonar og aktuelle offentlege aktørar vil bli oppmoda om dialog både digitalt og gjennom møter.

Temabaserte innspelsrundar vert varsla etter kvart. Aktuelle tema er mellom anna klima og miljø, næringsutvikling, folkehelse og demografiutfordringar.

Arbeidet vil pågå i 2021, og i den perioden vil det jamleg verte lagt ut informasjon om planarbeidet.

FN sine berekraftsmål gjeld alle land, og nasjonalt pliktar vi å ta omsyn til desse i all kommunal planlegging. Under dei temabaserte innspelsrundane vil de møte på desse:

1. Utrydde alle former for fattigdom i heile verda

2. Utrydde svolt, oppnå matsikkerheit og betre ernæring, og fremme berekraftig landbruk
3. Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder
4. Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme muligheiter for livslang læring for alle
5. Oppnå likestilling og styrke jenter og kvinner si stilling
6. Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle
7. Sikre tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkommeleg pris for alle
8. Fremme varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle
9. Bygge solid infrastruktur, fremme inkluderande og berekraftig industrialisering og bidra til innovasjon
10. Redusere ulikhet i og mellom land
11. Gjøre byer og busettingar inkluderande, trygge, robuste og berekraftige
12. Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønstre
13. Handle umiddelbart for å motverke klimaendringane og konsekvensane av dei *)
14. Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremmer berekraftig utvikling
15. Beskytte, gjenopprette og fremme berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motarbeide ørkenspreiing, stanse og reversere landforringelse samt stanse tap av artsmangfald
16. Fremme fredelige og inkluderande samfunn med sikte på berekraftig

utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og bygge velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjoner på alle nivå

17. Styrke gjennomføringsmidlane og fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling

*) I erkjenninga av at FN sin rammekonvensjon om klimaendring er det viktigaste internasjonale og mellomstatlige forumet for forhandlingar om globale tiltak mot klimaendringar.



Planstrategi skal ferdigstillast for vedtak i kommunestyret den 15. Oktober 2020.

Informasjon om byggjesak og oppfølging av ulovlege tiltak

I eit år har Gulen kommune hatt eit prosjekt gåande der me har satt fokus på oppfølging av byggjetiltak som er utført utan at dei har vore søkt om. Det er utarbeidd ein tilsynsstrategi og gode rutinar for gjennomføring av arbeidet. Arbeidet har resultert i at fleire tiltak er korrigert, omsøkt og har fått dei nødvendige godkjenningar. Det ligg framleis aktive saker, og saker som må undersøkast nærare. Liste over saker til oppfølging vert

oppdatert etter kvart som me vert kjent med at det kan vere tilfelle som har avvik frå lovverket.

Målet med denne satsinga er ikkje å «ta» nokon, men å syte for at reglane i plan- og bygningslova vert følgde. Gjennom prosjektet har me erfart at fleire som ikkje har søkt om tiltak har vore i god tru om at tiltaket har vore lovleg. I nokre tilfelle er sjølve tiltaket kanskje unntatt søknadsplikt, men nærleik til strandsona eller ras-/skredfare gjer at det likevel må søkast om dispensasjon. Me har full forståing for at regelverket som omhandlar byggjesak kan vere både komplisert og utydeleg. Nokre av krava som vert stilt vil også kunne opplevast som urettferdige eller unødvendig strenge. Dette kan me i nokre tilfelle vere einige i, men då er det viktig at de som innbyggjarar forstår at vår jobb som sakshandsamarar på feltet er å syte for at alle eigarar fylgjer regelverket. Du som tiltakshavar har sjølv ansvar for å sette deg inn i kva reglar som gjeld, medan kommunen vil rettleie og må handsame sakene slik at det blir like vilkår for alle. Me har i veldig liten grad høve til å tilpasse regelverket til lokale forhold, eller det me sjølve meiner er mest fornuftig.

Gjennom arbeidet med arealplanen prøver me å tilpasse føresegnene slik at me unngår flest mogleg dispensasjonssøknadar. Me gjer også det me kan innanfor regelverket for at tiltak skal få dei godkjenningane dei treng. Aktivitet, utvikling og trivsel i kommunen er viktig for oss, og noko me kvar dag jobbar for å bidra til. Difor vedtok politikarane før sommaren å tilsette ein ny sakshandsamar i fast stilling som skal jobbe vidare med oppfølging av ulovlege tiltak og bidra i den generelle byggjesakshandsaminga når det er behov for det. Ho heiter Rigmor Solnes og kjem frå Sogndal. Ho har ei Bachelorgrad i jus frå Universitetet i Agder, og er ei samfunnsengasjert og triveleg dame. Me på PLT er glade for å ha fått ho med på laget vårt!

Dersom du har spørsmål som gjeld tiltak som anten er bygd eller er under planlegging så ta gjerne kontakt med oss! Me skal gjere vårt beste for å rettleie deg.

Utover hausten håpar me også å få på plass ei meir digitalisert byggjesakshandsaming som vil gjere prosessen enklare og raskare for både oss og dykk.

Byggjesak har følgjande telefontid:

Måndag	12-15
Onsdag	10-13
Fredag	10-13

For at sakshandsamarane skal få høve til å førebu seg og gi deg best mogleg hjelp, ber me også om at besøk vert avtalt på førehand.

Me på PLT ser fram til å hjelpe deg vidare med dine prosjekt!

Ingvild M. Høydal
Einingsleiar PLT



Koronatilskot til næringstiltak

Gulen kommune har fått ei særskild tildeling på kr 422 816 til næringsutviklingstiltak gjennom krisepakke 3. Midlane skal forvaltast etter «Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følge av covid-19-utbruddet». Det er lagt opp til avgjersle i kommunestyret 3. september om korleis ordninga skal forvaltast i Gulen. Søknader som kjem inn før 1. oktober vert truleg behandla samla, for å få ei oversikt over kor høg etterspurnad det er etter midlane. Ordninga i Gulen vil gjelde til heile løyvinga er nytta.

Statlege føringar for ordninga: Målgruppene er bedrifter, etablerarar og aktørar som legg til rette for og/eller gir støtte til næringsutvikling. Kommunane kan unntaksvis tildele midlar til eigne tiltak som oppfyller føremålet. I vurderinga av søknadene skal det leggjast særleg vekt på:

- tiltak som fremjar auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial
- tiltak som motverkar negative verknader av covid-19-utbrotet
- tiltak som kjem raskt i gang

Søknader skal sendast gjennom www.regionalforvaltning.no. Det kan berre søkjast om tilskot til tiltak som ikkje er oppstarta. Samla tilskot skal som

hovudregel ikkje overstige 50 prosent av kapitalbehovet i prosjektet, og det skal aldri overstige 75 prosent. Gjeldande satsar i EØS-reglane for bagatellmessig støtte/gruppeunntaket skal følgjast. Tilskot skal utbetalast etterskotsvis, men delutbetalingar er mogleg.

Ta gjerne kontakt med kommunen sitt næringsapparat Gulen og Masfjorden Utvikling AS for orientering om ordninga og eventuell hjelp i søknadsprosessen.

Formannskapet vedtok elles ein strategi for bruk av næringsfondet til korona-dempeande tiltak i F-sak 40/20, som i nokon grad vil bli samordna med den særskilde løyvinga.

Ny koronapakke for frivillige lag og organisasjonar

Regjeringa har lansert ny koronapakke for frivilligheita.

I korte trekk kan de nå søke om:

- Tapte inntekter frå arrangement som skulle vore arrangerte i perioden (til dømes tapte billettinntekter, parkeringsinntekter, inntekter frå loppemarknad eller kioskinntekter).
- Tapte billettinntekter frå anna spesifisert aktivitet i perioden (til dømes museum, akvarium, kinoar eller idrettsanlegg).
- Tapte utleigeinntekter i perioden (utleige av bygningar, anlegg, hytter, fartøy og andre rom og lokale).
- Tapte inntekter som følge av at organisasjonen har mista oppdrag knytt til eit arrangement eller annan spesifisert aktivitet i perioden.

Søknadsfrist er 15. september og søknadsperioden gjeld for perioden 12. mars til 31. august.

Meir informasjon og lenke til søknadsskjema finn de her: www.lottstift.no



Spelemidler 2021

Søknadskjema til spelemidler for 2021 er open, gå inn på anleggsregisteret.no for å finne ulike skjema. Frist for innsendt søknad er 1. november 2020.

Nye anlegg må meldast til kommunen innan 1. oktober for å bli lagt inn i revidert handlingsprogram i kommunal plan for fysiskaktivitet, idrett og friluftsliv for Gulen kommune. Dette er eit kriterie for å få søknaden behandla.

Ved spørsmål, kontakt kulturkonsulent Vivian Våge vivian.vage@gulen.kommune

Spelemiddelsøknad er ein tidskrevjande søknad å få på plass, ta derfor kontakt så fort som råd om laget planlegg søkje. Kommunen må opprette anlegget før de kjem vidare i søknadsskjemaet.

Informasjon frå Gulen frivilligsentral

Aktiv på dagtid

Gulen frivilligsentral startar opp med aktiv på dagtid i fleire av bygdene i løpet av september. Det vert fellesturar, mogeleg noko lett styrketrening etterkvart. Vi har fleire ivrige og trivelige turleiarar klar 😊 Sjå etter oppslag og bli med! Dette er for alle som er heime på dagid og som ynskjer vere saman med andre og få ei tilpassa treningsøkt. Vi jobbar for fallforebygging og styrka balanse, samt fysisk og mental helse. Velkommen 😊

InVi – plattform for alle lag og organisasjonar for samhandling med kommunen

Gulen Frivilligsentral skal i gang med registrering av alle lag og organisasjonar i ny plattform, ber alle lag om å sende inn oppdatert informasjon om kontaktperson/leiar til vivian.vage@gulen.kommune.no så fort som råd. Alle lag vert invitert til eit informasjonsmøte i haust.



Hjortejakta 2020

No nærmar jakta seg med stormsteg og ventetida er då over. Jakttida er i år som tidlegare frå 1.september til 23. desember.



Foto: Halvor L. Brosvik

Løyver

Hovudutval for plan, utvikling og miljø, Gulen kommune, gjorde vedtak i sak 20/5191 om løyvetildeling for jakta 2020. Gulen kommune tildeler dette året 1223 løyver til valda i Gulen og 7 vald i Masfjorden innmelde i Gulen og Masfjorden bestandsplanområde (Gmbpo). Desse deler seg på 1127 løyver til valda i Gulen og 96 løyver til valda i Masfjorden tilslutta Gmbpo.

Gulen og Masfjorden bestandsplanområde

2 vald i Gulen og 2 vald i Masfjorden har siste året meldt seg inn i Gmbpo. Det er bra for valda å vere medlem i bestandsplanområdet. Då dette gjev noko større fleksibilitet i høve uttak av dyr. Gulen kommune ønskjer at fleire vald vert medlem i bestandsplanområdet. Tildelinga til det enkelte valdet kjem fram på skjemaet «Fellingsløyve og fellingsrapport 2020» som er sendt til alle valda. Er noko uklart rundt tildeling, ta kontakt med valdleiar eller Gulen kommune.

Sett hjort og slaktevekker

Ein viktig lekk i å samle kunnskap om hjortebestanden i forvaltningsområdet er registreringane i sett hjort og slaktevekker. Jeger skal på kvar jakt registrere tid brukt på jakt, om jakta er på innmark eller utmark og kva ein ser av hjort. Felte dyr skal også registrerast. Felte dyr skal vegast og vekta rapporterast. Dette kan lettvindt gjerast på app på mobiltelefon – «Sett og skutt» eller på portal på nettet – «Hjorteviltregisteret». Er dette utenkjeleg, kan det rapporterast på papir.

Fellingsrapport

Mange spør om ikkje bruken av desse digitale måtane å rapportere på, er nok. Til det er å seie at hjorteviltregisteret ikkje er juridisk tilrettelagt for

sluttrapportering. Derfor må valdleiar sende inn fellingsrapport innan 10 dagar etter jakta.

Kommunen sender ut krav om fellingsavgift på bakgrunn av fellingsrapporten. Fellingsavgifta er kr. 330,- for vaksne dyr og kr. 200,- for kalv.

Ettersøkshund

Jeger og jaktlag skal ha tilgang til godkjent ettersøkshund. Dette er nedfelt i § 23 i «Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst med kommentarer, instruksjer og avtaler».

Ordinær skyteprøve

Det er jegeren sitt ansvar å vite at våpenet er korrekt innskote. På grunn av koronapandemien er tradisjonell skyteprøve avlyst. Det vil seie at alle som har prøve frå 2019, kan jakte i 2020 utan ny prøve. For nye jegerar vil det vere ordningar for å få ta skyteprøva. Desse må ta kontakt med det lokale skyttarlaget.

Det er ei oppmoding at alle som skal jakte, sjekkar våpenet sitt og skyt prøveskot. Følg med på oppslag og andre kanalar og er du i villreie om prøveskyting, ta kontakt med det lokale skyttarlaget.

Sal av kommunale hjorteløyver i Prestegarden jaktfelt 2020

Gulen kommune har i år sal av 2 kommunale hjorteløyver.

Prestegarden

Gulen kommune er grunneigar i jaktfeltet Prestegarden i Eivindvik. Jaktfeltet er inkludert i «storvaldet» Gulen Nordvest hjortevald.

Gulen kommune er tildelt ei kolle og ein kalv. Begge løyva vert selt samla.

Pris

Prisen er kr. 5000,- for kolla, og kr 2000,- for kalven. MVA er inkludert i prisen. Utgifter til ettersøkshund og fellingsavgift kjem i tillegg.

Interesserte jegerar kan melde si interesse til postmottak@gulen.kommune.no innan 30.august 2020.

Dei med bustadsadresse i Gulen går føre. Ved fleire interesserte, vert det loddtrekning

eDialog - send post til kommunen på ein sikker måte

Det er tilrettelagt for at privatpersonar og verksemder kan sende post digitalt til Gulen kommune via løysinga eDialog.

Denne løysinga er utvikla av KS og er sikrare og betre enn sending av epost. Vi oppmodar difor alle om å ta i bruk denne sendemåten framover.



Du kan nytte eDialog om du

- skal sende post med konfidensielle opplysningar
- skal sende dokument til eksisterande sak
- skal sende andre dokument til sakshandsaming eller journalføring

Sjå www.gulen.kommune.no for meir informasjon.

Presentasjon av ny landbruksplan for Gulen kommune 2020- 2029

Gulen kommune vil presentere framlegg til ny landbruksplan.

Dette skjer i Dalsøyra samfunnshus mandag 31. august kl 20:00.



Møtet er ope for alle.

Tillitsvalde i dei ulike organisasjonane i landbruket i Gulen vert oppmoda om å møte.

Dette skjer i kyrkja



30.08.

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Konfirmantpresentasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

06.09

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Ola Johannes Jordal. Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

13.09

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest. Utdeling av bøker til 4- og 6-åringane. Offer: Bibelselskapet.

20.09

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Konfirmantpresentasjon. Offer: Eige arbeid/trusopplæring.

26.09

Gulen kyrkje kl. 11.00 og kl. 13.00 v/Ola Johannes Jordal. Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

27.09

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest. Utdeling av bøker til 4- og 6-åringane. Offer: Misjonæravtale, NMS.

04.10

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/vikar. Offer: Alværa misjonscenter.

11.10

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Hausttakkefest. Utdeling av bøker til 4- og 6-åringane. Offer: Fjon fjellkyrkje.